



Magnhild Hagelia

Første norske kvinne med presidenttittel

Kari Hagelia Olstad

*I jubileumsåret 2013, der ein feirar 100-års jubileum for kvin-
nenes stemmerett, blir mange historisk viktige kvinner trekt fram.
Som i mange andre samanhengar blir ikkje kvinner frå Aust-
Agder nemnt.*

*Eg har blitt spurd om å skrive om Magnhild Hagelia (1904-
1996) og arbeidet hennar. Ho hadde eit omfattande engasje-
ment både politisk og i ulike organisasjonar. I denne samanheng
har eg lagt vekt på å få fram korleis ho blei ei føregangskvinne
og arbeidsinnsatsen hennar spesielt knytt mot kvinners rettar.*

*Magnhild Hagelia var første norske kvinne med president-
tittel. 9. februar 1962 presiderte ho i Lagtinget. Dette var eit
historisk møte – første gong ei kvinne førte klubbe i Stortinget.*

*Tidlegare blei ein president tiltala med «Herr President, dette
blei nå endra til «Ærede President» eller «Vyrde President».*

*Kampen for allmenn stemmerett var resultatet av eit lang-
varig arbeid mot likestilling av kvinner og menn, men også starten
på eit vidare arbeid for likestilling. Det var ikkje sjølsagt at
kvinner var engasjert i politikk sjølv om ein hadde fått stemme-
rett, det var heller ikkje sjølsagt at kvinner stemte på kvinner.*

*Ved 50 års jubileet for kvinners stemmerett i 1963 var
Magnhild Hagelia formann i hovudkomiteen for jubileet. Dette
var også 150-årsminnet for Camilla Collets fødsel.*

Barndom


Magnhild Hagelia blei fødd i Hagelia i Gjerstad 6. mai 1904, foreldra var Karen Tomine «Mina» f. Pedersdotter Gryting (1881-1956) og Peder Jakobsen Hagelia (1874-1941).¹

Ho var eldst av åtte søsken og måtte tidleg vere med i gardsarbeid og anna arbeid, både ute og inne, for å bidra til det daglege brødet heime i Hagelia. Ni år gammal gjette ho buskapen.

"Magnhild med klubba".

9. april 1962 var ein historisk dag i Stortinget. Magnhild Hagelia presiderte som første kvinne i Lagtinget.





Bind 7 av bygdesoga for Gjerstad kom ut i 1981 og handla om Grytinggrenda der Magnhild Hagelia voks opp. Forfattar var Magnhild Hagelia.

Ho skriv: «Me kunne bli veldig lei av å gjete, arbeidstida var frå 7-19. Det var ikkje eit arbeid du kunne skunne deg å bli ferdig med. Nei, kreturet måtte ete seg mette. Og det tok tid.»² «Kreturet var ein stor del av økonomien på ein gard og det visste me.... Det lærte oss ansvarskjensle for arbeidet»

Gjennom dette arbeidet lærte ho tidleg å kjenne arbeids- og levekåra i heimegrenda. Med harde tider særleg gjennom «dei harde trettiåra» såg ho kor hardt folk sleit.

Men ho var glad i heimen og grenda. I eit skriv finn eg: «Det var ei lykke for born å vekse opp saman med besteforeldre. Det gjorde eg. Dei lærte oss av si erfaring, lærdom, lagnad og plikter. Om vinteren skule, om sommaren arbeid: å gjete og onnearbeid. Gjere det beste du kan. Gjer ikkje skap på slekta di...»

Ungdomsår

Som 18-åring begynte ho å arbeide på Ytre Gjerstad Handelslag. I hennar egne notat finn eg eit stykke om «Landhandel i gamle dagar» der ho bl.a. skriv: «Vareutvalet var lite. Folk hadde ikkje råd til å kjøpe anna enn det dei trong. Mest gjekk det på mjøl, margarin, kaffi, salt, sukker, spekesild, tørrfisk og skråtobakk, og så litt spiker, glas, skotøy og tøy. Det var ikkje sjølvbetjening. Dei måtte vente på tur for å få handle. Men dei sytte ikkje med det. Dei kosa seg med skroll i ventetida».³

Magnhild var glad i å lese. I eit intervju med bladet til Kvinnes Frivillige Beredskap (KFB) i 1981 seier ho «Eg lærte å lese svært tidleg, og las alt eg kom over. På øvsteloftet fann eg eit lag med gamle Magne-blad. Og frå då av blei eg opptatt av fråhaldssaka. Elles var eg opptatt av det meste av det eg las og hørde om».⁴ Ho var også glad i å skrive og vann 2.



Hagelia – det vestre bruket i 1906. Frå v. tanta Aase J. Hagelia, besteforeldra Jacob og Magnhild Hagelia, foreldra Mina og Peder J. Hagelia, Knut Stiansen Maurlia og Sveinung Venle. Bak sit Anna P. Gryting med Magnhild Hagelia d.y.





premie for stykket « Ein sønda ettermidda i Jersta » i Folketanken.

I eit kort notat skriv ho at ho var heldig og fekk gode lærarar. Dei hadde ikkje den utdanninga som lærarar har nå, men dei hadde evnen til å gjere det gildt på skulen. Dei lærte oss å arbeide sjølvstendig, og det var ein verdifull lærdom når ein ikkje hadde von om vidare skulegong.⁵

Ho hadde likevel eit sterkt ønske om å gå vidare på skule etter folkeskulen. I dei vanskelege åra etter første verdskrig var det ikkje lett å få pengar så ein kunne gå på skule, men noko blei det. Etter folkeskulen måtte ho ut i arbeidslivet nokre år før ho vinteren 1924 -25 gjekk på Jæren Folkehøgskule. Seinare (1933-1934)etter nye år med arbeid for å tene seg opp, gjekk ho på Otto Treiders handelsskule i Oslo, der ho også tok revisoreksamen.

«Samstundes som eg gjekk på handelsskule om føremiddagen gjekk eg på revisorkurs 3 kveldar i veka». Seinare, 1938-1939, blei det kurs i landbruksbøkføring på Holt Landbruksskule.

Frå hausten 1939-1945 var ho forretningsfører for Gjerstad forsyningsnemnd.⁶ Etter kvart blei nesten alt rasjonert. Ola T Landsverk sa: »Før var det bare å snakke til kjerringa mi – Johanne - når eg trong nye bukser. Nå må eg til Magnhild Hagelia.»

Gjennom arbeidet i forsyningsnemnda såg ho kor mykje folk sleit under krigen.

«Det var kvinnene som hadde dei fleste av dei daglege problema. Det var dei som hadde ansvaret for at det var mat på bordet til kvart måltid ... Når ein høyrer og les om krigstida finn ein ingen ting om dette»⁷

Bryllup mellom søstera til Magnhild, Åse, og Lars Mesel på Mesel i 1935. I fremste rada står frå v. Knut Blimyr, Gunnar Hagelia, Magnhild Hagelia, Olava Hagelia (Bråtlund), Kari Hagelia (Svenningsen), Peder J. og Mina Hagelia, brureparet, Inger og Lars Mesel, Erik Mesel og Karine Mesel.

Foto: A. Melås





Losje Utsjå i Gjerstad først i 1930-åra.

1.rad frå v: Ingeborg Nylund, Minda Klasdotter Lunder, Jellaug og Sveinung Lunden (Dure).

2.rad: Kari Moen, Ruth Egderød, Helga Ausland, Gunhilde Rød, Magnhild Hagelia, Karine Kveim, Gudrun Ljådal, Åse Egdalen.

3.rad: Lars Jysereid, Olav Jarl Ausland, Anne Jysereid, Sverre Amundsen, Sofus Ausland, Aanon Kleivane og Albert Bakken.

Bakre rad: Kåre Kongsnes, Svein Lunde, Olav Hegna og Olav T. Bråten (Haugeto). Foto: A. Melås.

Organisasjonsarbeid og politisk arbeid

Magnhild kom tidleg med i organisasjonsarbeid bl.a. i den frilynde ungdomslagsrørsla og i fråhaldslosjen «Utsjå» i Gjerstad..

I 1936 blei ho politisk aktiv som medlem av Arbeidarpartiet i Gjerstad. Det første tillitsvervet var som styremedlem for Gjerstad Bibliotek. I 1945 blei ho vald inn i kommunestyret i Gjerstad. Same året blei ho tilsett i fylkesrevisjonen og flytta like etter valet til Fjære. Ho blei sidan medlem av formannskap og kommunestyret der og med dette følgde menighetsråd, friluftsråd osv.

Ved Stortingsvalet i 1945 blei Magnhild vald som vararepresentant til Stortinget for Aust-Agder Arbeiderparti. Frå 1949 var ho fast stortingsrepresentant i fire periodar fram til 1965.

Dei tre siste periodane møtte ho som Aust-Agders første representant og var den som opna kvart nytt Storting.⁸

Den første tida ho var stortingsrepresentant, budde ho på hybel hos Inga og Gudmund Harlem, foreldra til Gro Harlem Brundtland. Gudmund Harlem var statsråd for Sosialdepartementet frå 1955 -1961 og for Forsvarsdepartementet frå 1961-1963 og 1963 -1965. Seinare budde Magnhild på «Stortingets hybelhus».



Lagtingspresidenten

Høgdepunktet i Magnhilds karriere var nok då ho 9. oktober 1961 blei vald til visepresident i Lagtinget. Fire månader seinare, 9.februar 1962 stod ho som første kvinne i historia på presidentplassen. Ho opna med å kunngjere at presidentskapet hadde bestemt at tiltaleforma i Stortinget heretter var « Herr President» eller «Ærede/ Vyrde President» - altså ikkje «Fru- eller Frøken President» slik det hadde vore snakk om å tiltale ein kvinneleg president. Etter dette fekk Magnhild tilnamnet «Magnhild med klubba». Magnhild si eiga framstilling av kva som skjedde har eg funne i eit notat, ho skriv bl.a. at det var fullt av avisfolk, NRK – til og med kringkastingssjefen Kåre Fostervoll. Alle kvinnelege representantar var møtt fram og av kvinner tilsett på Stortinget trur eg alle som kunne var møtt fram. Ho framhevar følgjande:

«Det var ein historisk dag sett ut frå kvinnenes likestilling. **Det var kvinnene det galdt. Ikkje meg personleg**». Vidare i notatet fortel ho at dei kvinnelege representantane gav ho ein stor blomsterbukett og hadde ordna med kaffi og mat. Dei overrekte også ei klubbe av elfenbein med sølvbeslag med monogrammet hennar, årstal og dato. Bent Røisland kom og gratulerte og sa « Dette greidde du fint, Magnhild» - Det gleda meg mykje.⁹

Magnhild Hagelia presiderer i Lagtinget 9.februar 1962. Magnhild skriv sjølv om denne hendinga: "Det var ein historisk dag sett ut frå kvinnenes likestilling. Det var kvinnene det galdt. Ikkje meg personleg".



Utklipp frå Athen Daily Post.

Den nyvalde kvinnelege presidenten var godt avis-stoff både her i landet og i utlandet. I Athens Daily Post var det kjende bildet av Magnhild med klubba, og med følgjande tekst:

«For the first time in the history of the Norwegian Parliament, a woman has become the Speaker of the House. Above, Mrs. Magnhild Halkelia who acted as Speaker of the Norwegian Parliament in the absence of President Nils Honswald.»¹⁰

Arbeid for kvinners rettar

Mykje av Magnhilds engasjement, både politisk og elles, var knytta opp mot å betre kvinners kår. I eit notat «1977», truleg ein tale, skriv ho at kampen for kvinneleg stemmerett var hard og langvarig. I 1899 organiserte arbeiderkvinnene eit stemmerettstog 17. mai. I det politiske arbeidet hennar oppmoda ho kvinnene til å stemme på kvinner, noko som ikkje var sjølvsgt.¹¹

I « Tankar ved ein 70 årsdag» skriv ho: « Eg minnst då kvinnene fekk stemmerett. Det var i 1913. Då var eg 9 år. Det hadde vel gått meg hus forbi om det ikkje hadde vore for lærarinna på Sunde, Ulrikka Andersen... Ho var levande interessert i kvinnenes stemmerett, og prata mykje om det.» Det går også fram at lærarinna hadde diskusjonar med farbror til Magnhild, men ho heldt med Ulla.¹²

I eit notatet «1977» skriv ho om det daglege strevet til kvinnene med vassbering og klesvask, med koking av klede i eldhuset og skylling i bekken, og ikkje minst matstell til den store barneflokk den ofte



Kvinnejubileet 1963 i Oslo Rådhus.
Magnhild Hagelia i samtale med Tarjei Vesaas.





hadde. Naturalhushaldet trong mange kvinner i arbeid. Først og fremst husarbeid. Men på gardsbruk tok fjøsstell – mjølkestell og jordarbeid mykje tid attåt det vanlege kvinnearbeidet.¹³

Å få innlagt vatn blei ei viktig sak på 50- og 60-talet. I 1973 hadde 67 % av alle husstandar i landet innlagt vatn og WC. Samanhengen mellom folkehelse og levekår var klar, tiltak som husmorskule, husmorferie og feriekoloniar blei viktige arbeidsoppgåver. Magnhild var medlem av «Likelønnskomiteen av 1953», formann i Husmorferieutvalget 1957/63, formann i Kvinners Frivillige Beredskap 1962/65. Leiar i «Utvalget for ikke helt unge kvinners adgang til arbeidslivet». Medlem av husstellutvalget i Aust-Agder 1948/56.¹⁴

Magnhild var sjølv ugift, ugifte kvinner hadde ofte låg status. I notatet «Eg har vore heldig eg» skriv ho: « Gamle jenter! Det var ei vanvyrding før. Eg har aldri kjent det som noko mindreverdig. Livet har hatt fleire oppgåver enn eg har greidd å løyse. Og det har heller ikkje plaga meg. Andre må au ha noko å drive med. Eg får gjere mitt og andre sitt. – Tar kvar og ein sin vesle stein er snart vår åker rein»

Magnhild Hagelia i Aust-Agder bunad i Stortinget 7. juni 1955, ved 50-årsjubileet for unionsoppløysinga. Framme t.v. den svenske ambassadøren, Sig. Bergersen, statsminister Einar Gerhardsen og utanriksminister Halvard Lange.



Magnhild kokar kaffi på hybelen sin på "Stortingets hybelhus".

Arbeidet på Stortinget

Gjennom dei 16 åra på Stortinget fekk Magnhild mange viktige verv, blant anna medlem av Nordisk råd. (Varamedlem frå 1953-1961 og fast medlem frå 1962) Frå denne tida fortalde ho ofte om at ho måtte oversette frå dansk slik at ein finne forstod kva dei sa, og då brukte ho Gjerstad-dialekten. Dialekten var ein del av Magnhild. Ho skal ha sagt at det er ikkje eg som har gjort Gjerstad-dialekten, det er Gjerstad-dialekten som har gjort meg. I ein 17.mai-tale frå 1963 nemner ho to menneske som begge var føregangspersonar; Camilla Collet og Ivar Aasen. Ivar Aasen står som symbol på kampen for eit sterkare innslag av det opphavlege norske, noko som også Magnhild var trufast mot.¹⁵

Elles var ho sjølvstendig i sine standpunkt og er vel særleg kjend for engasjementet i Husbankens reglar for einslege og bustadbehovet deira, og ikkje minst arbeidet for kvinnelege prestar. I 1953 var det bare ho og ein til frå Arbeiderpartiet som sa nei til å oppheve den såkalla «bondeparagrafen». Det var kanskje denne saka ho blei mest kjend for. Paragraf 57 i Grunnlova skulle sikre bygdene 2/3 partar av stortingsrepresentantane, byane hadde bare 1/3 part av representantane. Etter kvart som dei demokratiske forholda endra seg, fekk særleg dei store byane alt for få representantar. Det var gjort mange forsøk på å endre dette. Den 26. november 1952 var saka oppe på nytt. Magnhild stemte mot. Ho meinte ho såg framover på sin måte. Ho såg spørsmålet i samanheng med fylkeskommunens stilling. Dersom dei skulle løyse oppgåvene sine, ville det vere uråd for kommunane å stå kvar for seg. Skulle by- og heradskommunane gå saman om valet, måtte Bondeparagrafen i alle høve bort, men ho såg ingen grunn til å røre ved denne før dette skjedde.



Julefrokost i Stortinget. Frå venstre og rundt bordet: Statsminister Einar Gerhardsen, visepresident Johan Wik (A), Knut Ytre-Arne (V), Rakel Severin (A) og Magnhild -som medlem av festkomiteeen.





I intervjuet med KFB-bladet eg tidlegare har vist til, kjem det fram at kvinnelege stortingsrepresentantar helst skulle halde seg til skule- og sosialpolitikk. «Eg ønska å vere i Kommunalkomiteen og kom der og, men det var mange som nesten tykte det var uanstendig. Og mennene hadde kvassare ålbogar når det galdt å bli ordførar for gode saker – då som nå». I 8 år var ho medlem av administrasjonskomiteen. Der hadde dei bl.a. fastsetting av lønningane for statens tenestemenn og Statens pensjonskasse. «Eg fann det heilt turvande at det burde vere ei kvinne med på det. Og kvifor ikkje meg?»

Pensjonisten

Etter tida på Stortinget tok ho til som fylkesrevisor igjen og var det fram til pensjonsalder.

Då ho tok imot Aust-Agder fylkes likestillingspris i 1990, sa ho i takketalen « Litt av hvert» bl.a. kor viktig det var å skape ny tillit til politikarane. «Utan tillit til dei som styrer og rår i samfunnet nyttar ingen ting. Borgarane i samfunnet må kjenne seg trygge på at dei som er sett til å styre gjer alt slik at det gagnar fellesskapet og den enkelte borger best. Ingen må mjøle si eiga kake.» Ein vekker i dag!

I 1976 blei Magnhild utnemnt til riddar av 1.klasse av Den Kgl. St. Olavs Orden.

I 1994 var ho 90 år og blei heidra med ein byste ved Grimstad rådhus. Bysten er i bronse og laga av Arne Vinje Gunnerud. Ved avdukinga sa stortingspresident Kirsti Kolle Grøndahl:

«Magnhilds ideologi har vært den enkle, men akk så vanskelige, å slutte opp om ting som gavner de fleste».

I 1993, då Magnhild var 89 år og budde på aldersheim i Grimstad, gav ho ei stor gåve til Gjerstad Historielag. Gåva inneheldt ei rekke bøker, stortingsdokument, manuskript, utkast til talar, politisk korrespondanse, avisutklipp, den velkjende dokumentveska og den eineståande klubba frå Lagtinget. Gåva kastar lys over Magnhilds arbeid, men også over ein viktig periode i etterkrigstida.¹⁶ Mykje av dette er utstilt på kommunehuset i Gjerstad.

Ettermæle

Magnhild Hagelia døydd 4. juli 1996, 92 år gammal, på Grimstad sjukeheim. Gravferda var i Fjære kirke, men båra blei ført til Gjerstad kyrkjegard og sett ned i familiegrava der. Det var mange som følgde ho fram til den siste kvilestaden. Pastor Halvard Hagelia, brorsonen hennar, heldt minnetalen. Han slutta talen slik: «Hun var ikke av dem som bar sin fromhet utenpå. Men det var mer av den i hennes indre enn det var



I 1976 blei Magnhild Hagelia utnemnt som riddar av 1.klasse av Den Kgl. St. Olavs Orden.





Byste i bronse laga av Arne Vinje Gunnerud, utanfor Grimstad Rådhus.
Foto: Tore Knutsen, AAKs.

naturlig å vise utad. Og det forsterket seg med årene, helt til det aller siste av hennes lange liv». Han viste også til at ho i mange år hadde vore med i Kristne Arbeiders forbund, og var ein av veteranane der.

I Gjerstad har det vore to store markeringar av Magnhild Hagelia etter ho var gått bort. Den 4. juni 2004 blei det arrangert ein jubileumsfest i samband med 100-årsdagen for hennar fødsel.

Aust-Agder Blad hadde ein stor reportasje frå festen: « Gymsalen var fylt til randen med folk som ville hedre den markante Ap-politikeren. Nære familie-medlemmer var invitert, og gledelig var det at Magnhilds tre gjenlevende søsken var med på festen, nemlig Gunnar Hagelia (80), Olava Bråtlund (86) og Per Hagelia (89).¹⁷ Tor Martin Moe leia festen og han opna festen med «Godtfolk» slik Magnhild alltid opna møta i Lagtinget.

Den 9. juni 2013 markerte Gjerstad kommune Stemmerettsjubileet med å reise ein byste av Magnhild Hagelia utanfor Almestaua ved Gjerstad kyrkje. Bysten var laga av den lokale kunstnaren Svein Brekka og blei avduka av tidlegare odelstings-president Berit Brørby.

Ho av slutta talen slik: « Deltagelse krever at man støtter hverandre – kvinner som menn, at man engasjerer seg i lokalmiljøet. Det skaper samhold og et godt oppvekst- og bosamfunn.

Det er dette som også var Magnhild Hagelias tanker om den politiske deltagelse. Det gode liv skapes av menneskene der de bor.»

Gjerstad kommune sto også bak eit eige hefte « Magnhild Hagelia – første kvinnelege stortingsrepresentant frå Agder» av Andreas Vevstad og Johnny Haugen.

Familiemennesket

Med den store innsatsen som Magnhild hadde i det offentlege rom kan det kanskje verke som ho ikkje fekk tid til familien. Men tante Magnhild var alltid opptatt av alle i familien. Det blei mange gonger sagt at sjølv om tante Magnhild var einsleg, så var det ingen som hadde så stor familie som henne – sju søsken med familiar. Ho var tante til 24 barn, eg var heldig som var eitt av dei. Tante Magnhild var sjølvskreven i alle familieselskap og hadde sjølv stort juleselskap 1. juledag og fast samling på Langtjenn-hytta om sommaren. Til jul kom det store kasser

med julegåver, ingen var gløymd, ikkje eingong bikkjene. Ho var alltid interessert i kva vi dreiv med – både arbeid og utdanning, alle var like mykje verdt.

For familien og bygdefolk elles er hennar arbeid med Bygdesoga bind 7 eit viktig dokument og eit godt minne som vi har med oss.

Kjelder og litteratur:

Familiearkivet til Gunnar Hagelia, Åmli

Aust-Agder Blad. 4. september, 1993.

Aust-Agder Blad. 10. juni, 2004.

Hagelia, Magnhild. *Gjerstad : Bygdesoga*. Hefte 7.

Gjerstad: Gjerstad historielag, 1981.

Vevstad, Andreas og Johnny Haugen. *Stemmerettsjubileet 1913-2013*. Gjerstad: Gjerstad kommune, 2013.



Noter

- 1 Magnhild Hagelia, Gjerstad: Bygdesoga. Hefte 7. (Gjerstad: Gjerstad historielag, 1981).
- 2 «Litt av hvert» av Magnhild Hagelia. Notat i familiearkivet. Truleg takketalen i høve Likestillingsprisen.
- 3 «Landhandel i gamle dagar». Notat av Magnhild Hagelia
- 4 Intervju med KFB – bladet i 1981.
- 5 «Eg har vore heldig eg!» Notat i familiearkivet av Magnhild Hagelia «Sommerminner». Frå NRK Radioserie 1988.
- 7 «Daglig liv under krigen 1940/45». Notat av Magnhild Hagelia.
- 8 Norsk Biografisk leksikon. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2001, s.v. «Hagelia, Magnhild».
- 9 Notat - Magnhild Hagelia
- 10 Andreas Vevstad og Johnny Haugen, Stemmerettsjubileet 1913-2013 (Gjerstad: Gjerstad kommune, 2013).
- 11 «1977» Notat av Magnhild Hagelia.
- 12 «Tankar ved ein 70 års dag». Notat av Magnhild Hagelia
- 13 «Naturhushaldet» Notat av Magnhild Hagelia
- 14 «Tillitsverv» Notat av Magnhild Hagelia
- 15 «Tale for dagen 17. mai 1963» Magnhild Hagelia
- 16 *Aust-Agder Blad*, 4. sept.1993.
- 17 *Aust-Agder Blad*, 10.06.2004.

Byste utanfor Almuestaua ved Gjerstad Kyrkje. Bysten var laga av den lokale kunstnaren Svein Brekka.
Foto: Kari Hagelia Olstad.